



NVE

Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen <input checked="" type="checkbox"/> Ja

Kontaktinformasjon for virksomhet		
Organisasjonsnummer 988454486	Foretaksnavn ALF MEDHUS	
Foretakets telefonnummer 53 64 71 33	Foretakets e-postadresse a-medhus@online.no	
Kontaktperson		
Navn ALF N MEDHUS		
Telefon 90054464	E-post a-medhus@online.no	
Er kontaktperson tilknyttet et annet foretak, legg inn organisasjonsnummer.		
Organisasjonsnummer	Foretaksnavn	

Saksopplysninger		
Innsending av høringsuttalelse til NVE.		
NVEs saksnr.: 202320330	Sakstittel Røldal-Suldal - Opprustning og Utvidelse av kraftverk	

Høringsuttalelse
<p>Høringsuttalelse</p> <p>Dette framstår fyrst og fremst ein god forretningside!</p> <p>Som er basert på at Norge og Europa skal halda fram med satsinga på uregulerbar vind og solenergi, som igjen skaper store svingningar i strømprisen.</p> <p>Resultatet er at kraftprodusentar med magasinkapasitet får muligheten til å skapa store økonomiske verdiar for seg sjølv, som me alle må betala dyrt for.</p> <p>Det vert heile tida hevda at me må ha meir fornybar kraft, sjølv om me i 2023 nettoeksporterte 17,9 Twh ut av landet.</p> <p>Denne omsøkte utbygginga vil gi 0,2 Twh i redusert netto produksjon.</p> <p>Dette er ikkje noko me treng i Norge, det me treng er kontroll på energipolitikken.</p> <p>Me er fortalt i generasjonar at vannkrafta er arvesølvet vårt og skal forvaltast til det beste for alle, men her let ein kraftprodusentane overta styringa.</p> <p>I Røldal Suldal vassdraget er det meste utbygd, og me treng ikkje meir «ulemper» berre fordi at nokon ser sitt snitt til å tena endå meir, sjølv med mindre netto strømprroduksjon.</p> <p>Hydro har sidan den fyrste konsesjonen som vart gitt i 1962, stort sett kvitta seg med alt</p>

som dei ikkje tener penger på (Samfunnshus, badebasseng, vannforsyning, boligfelt, vegar etc.)

Dersom Hydro/Lyse no allikevel skulle få konsesjon på denne forretningsideen sin så må ein ha denne setningen friskt i minnet:

«Alt fremtidig vedlikehold er for framtiden eksproprianten uvedkommende»

Dette er ein setning som går igjen i konsesjonen frå 1962, og det virkar som at den ligg til grunn for det meste når Hydro/Lyse evt. Skal inngå avtalar.

Etter at heimfallsretten i praksis er pulverisert, så unngikk Hydro heimfall på anlegget, og fekk i staden ein eventyrleg avtale, der dei fekk overta anlegget gratis til evig tid på same konsesjonsvilkåra som i 1962. Utruleg, men dessverre pr. I dag ein realitet.

Me vil ikkje ha det slik at me og komande generasjonar må søkja og tigga for kvar minste ting, og at den som sit med konsesjonen skal sitja med all makt.

Dersom Suldal og Ullensvang kommune, samt me som innbyggjarar ikkje kan få evigvarande avtalar som fylgjer konsesjonen så er dei i praksis verdilause.

-Det må vera eit minstekrav at evt. avtalar skal fylgja konsesjonen, dvs. Til evig tid.

Helsing

Alf Medhus

Røldal 31.08.2024

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder